

# Gir julepakkar til fattige

Unge Marcus vil at alle born skal få julepakkar i år – også dei fattige.

Marcus Ousdal i Omvikdalen er berre fem år, men veldig klar over at alle ikkje har det like bra som han sjølv. Med mamma Diana på laget fiksar han julegåver for minst 5.000 kroner til fattige born i Norge. Diana fortel at Marcus vart inspirert av eit tv-program i fjor. Programmet viste ein gut som nettopp fiksa julegåver til fattige. Der og då bestemte Marcus seg resolutt for å gjera det same.

– I sommar hadde vi loppenmarknad for å få inn pengar til føremålet. Nokre har også gitt oss pengar eller gåver utanom. Det som var igjen av lopper leverte vi til Fretex, slik at også det kom til nytte, fortel Diana.

Det er enno ikkje for seint å bidra, men det må gjerast før 6. desember. Diana kan treffast på eigen blogg eller på telefon 958 00 844. Pakkar må merkjast med innhald på ein lapp som kan fjernast sporlaust.

## – Tips oss!

Nokre dagar etter fristen går ut, vil gåvene bli leverte til Robin Hood-huset i Bergen, som står for den vidare formidlinga.

– Vi har ingen oversikt over fattige i Kvinnherad, og vi har heller ingen organisasjon her som kan hjelpe oss med å nå fram til trengande. Derfor går gåvene til Bergen, forklarar Diana.

Marcus og Diana vil svært gjerne gi nokre av gåvene til fattige i Kvinnherad, men treng då tips frå publikum.

– Dersom nokon kjenner nokon som tiltaket kan vera til glede for, eller er trengande sjølve, så tek vi imot tips. Alle blir behandla diskret, og vi har pålagt oss sjølve full teieplikt, forsikrar Diana.

Pakkane blir leverte ferdig innpakka med opplysningar om innhaldet. Etterpå kan dei merkjast med nye lappar, slik at



ungane trur at pakkane kjem frå familien eller andre nære.

– Etter det eg kjenner til lever 85.000 born under fattigdomsgrensa i Norge. Talet er stort og trist, og derfor er både Marcus og eg glad for å kunna hjelpe litt

til, seier mamma Diana Ousdal, som har god grunn til å vera stolt over hjartelaget til sonen.

Trude Aarsand  
trude@kvinnheringen.no

**GÅVMILD:** Unge Marcus Ousdal er ein gåvmild herremann. (Foto: Diana Ousdal)



## Lysmesse

Elevane ved Trå skule på Varaldsøy gjorde ein flott innsats på lysmessa i kyrkja første desember. Dei song, bar lys og framførte juleevangeliet med stor glede.

– Ei god oppleving og ein vakker start på adventstida, helsar lærar Åse-Mari Aakre.

(Foto: Åse-Mari Aakre).

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan  
*Kvinnheringen 5.  
desember 1988*

## Fest for Marit Sofie

Fredagskvelden fekk Marit Sofie Lea Kvinnherad kommune sin kulturpris for 1988 under ei festsamkomme i heimen hennar i Omvikdalen. Vener, familie, kulturutvalet, tilsette på kulturkontoret og ordføraren æra Marit Sofie for pågangsmot, entusiasme og iherdig arbeid for teaterlivet generelt og Baronisselet spesielt.

## Formannskapet vil bruka meir

Formannskapet vil bruka meir pengar enn det rådmannen har lagt opp til i neste års budsjett. Det er funne plass til fleire nye tiltak, mellom anna er dei fire nye stillingane i heimesjukepleien komne med, det er ført opp midlar til drift av barnehage på Halsnøy og til private barnehagar. Formannskapet føreslår og at det skal løvvast pengar til ei stilling som miljøvern-konsulent og til næringstiltak i Matre, Åkra og Baugstranda.

## Storkontroll utan promillefangst

– Me stoppa samtlege bilar, fleire hundre i alt, men ingen av sjåførane hadde promille, fortel lensmannsbetjent Sigurd Børve om storkontrollen UP og lensmannskontoret hadde langs riksveg 13 natt til søndag. Det var særleg promillekjørarar lensmannsfolka og UP var ute etter. Men det einaste dei fekk sitja fingeren på var ein som kørde moped utan førarkort.

## «Baskar i motvind»

– Det er ein kjennsgjering at idrettslaget baskar i motvind for tida. Det er naudsynt med ein snuoperasjon for å få laget i godt gjenge att. Stikkord i denne samanheng er økonomi, organisasjonsutvikling og rekruttering. Dette skriv styret i Uskedal idrettslag i årsmeldinga.